Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 | Fylke: Hordaland
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Granvin
Emne: Skav | Bygdelag: Kyrkjestrandi
Oppskr. av: N. J. Lillegraven | Gard: Jøvregraven
(adresse): Granvin | G.nr. 101 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Helst det

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1 Det arbeide med skaving eller ristil for kallast av „Marka"

2 Markafor.

3 Eg skjer. eg skov, eg hev skave, eg skal skava.

4 Mork vart før rekna som vanlegt for. Paa sume gardar rekna dei skavet lik 1 kyrfoster eller so det. I seinare tider verre som nnnafor. Det vert brukt endaa, men verre som naudfor i verste knipa.

5 Ask og ~~alm~~ raunn var mest brukt til skaving, slike treslag som ein lauva um hausten. Alm vart helst bruk um vaaren so tideleg som saven byrja. Kvistane vart brotne og nytta til for. Borken vart fleikt av og hakka. Kyrne mjølka bra av alm og vart hausstelte men magrast gjerne litt. Sume skov også bjørk. Dei sette stengjer eller kubbane ved vatn oss, daa losna nevri godt og so skov dei. Furu var ikkje bruks

6 Nei

7 Eg hev høyrt: „Almen gjøder, raunen fôder"

1160

8 Det var berre kyr og sauer som fekk skav, ikkje hesten
Skavet var brukt um vinteren. Oftast fekk dei det etter
höyvondelen.

9 Ja, helst meir mjölk, Hev höyrt at dei fekk tjukk rjome
av björkeskav. Og feitare mjölk av alm. Det var
sume som turka björkebork som var flekt um sumaren
og moldet paa kverni til for.

10 Den veden som ein for naar ein ^hogg var^ ask og rann um
um hausten, morko, vart skaven um vinteren. Vart
det forlite so örog dei paa skogen etter meir, marka.

11 Av marka

12 Veden vart kalla skjevlingar, sprek.

13 Ordet marka tyder paa alt arbeidet, sanking og
skaving

14 Um vinteren eller i vaarknipa. Dette arbeidet vart
visst ikkje sett sers högt, men naudi dreiv vel.
Bestemor mi var född 1818 og i hennar barndom
og ungdom drog kvinne til skogs tidleg langfredags
morgon og kvar skulde hava heim ein sekk ospe-
skav.

15 I stova eller fjoset.

16 Ljaa vart nytta til skaving av smaa mork, skavljaa
Var det större stangar eller kubbar brukte dei beinadkniv
Skavljaaen var halvslitin eller veldet og ei filla var
vasa um tjoet til handtak, den andre enden av ljaaen
vart stytta mot ein pinne

1160

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

17 Skjov dei bersjeved. Stenger eller kubbar la ein det helst i ein sagskrakk. Var borken tjukk brukte ein bandaKniv. Til skaving av upphogd mork brukte ein skavkrakk med ein pinne i tie stonnd for skavljaaen.
Ordet skavhal kjenner eg ikkje.

19 Ein set aarsskrev paa eine enden av skavkrakken vendt mot pinnen i den andre enden, hogre hand held um ljaaen og held den andre enden av ljaaen mot pinnen. Venstre hand held morkakjeppen og dreg den tilbakaratt under ljaaseggi so ein faar ei skavblokke for kvart dreg.

20 Spruk, skavved.

21 Skav. skavblokke.

22 Skjevle, sprek, kubb, naar det er tjukt.

23 Av ork og rogn skulde litt ved vera med. Av grove mork var det ikkje godt aa ta mykje ved med. Skavet vart ikkje so etelegt var det for mykje ved. For hardt.

24 Det var fin bakstevd.

25 No vert morko lite nytta. Berre faa sit med slikt arbeide no. Um det er nokon so er det eldre folk som maa hava litt aa gjera. Aa leiga nokon til slikt arbeide løner seg ikkje.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

1160